



Forskar utan doktorgrad (50 %, mellombels)

Forskar utan doktorgrad (50 %, mellombels)

Ved Det medisinske fakultet, Institutt for biomedisin, er det ledig ei mellombels stilling som forskar utan doktorgrad (50 %) for ein periode på inntil to (2) år. Stillinga er knytt til prosjekt «Effects of Nutrition and Lifestyle on Impulsive, Compulsive, and Externalizing behaviours; Eat2beNICE» finansiert av EUs Horizon 2020 Forsking og innovasjonsprogram.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

Hovudfokus for prosjektet er å påvise ernæring- og livsstilsfaktorar som har positiv eller negativ effekt på impulsivitet, uoppmerksomd, ikkje planlagt åtferd, aggressiv/antisosial åtferd, emosjonsreguleringsproblem, tvang og avhengigheit ved analyse av store befolkningsdata.

Hovudmålet for stillinga er å nytte epidemiologiske metodar for å undersøkje samanhengar mellom ernæring og livsstil med impulsivitet og tvang og korleis dette er påverka av alder, kultur, kjønn, sosioøkonomisk status og genetik. Forskaren vil primært nytte registerdata og biologiska data innsamla i Den norske mor barn-studien (MoBa) <https://www.fhi.no/en/studies/moba/> og andre store register. Forskaren vil undersøkje korleis kjønn og genetiske faktorar påverker effekten ernæring og livsstil på denne åtferda.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- søkjar må ha relevant norsk mastergrad eller tilsvarande kompetanse innan medisinsk statistikk, epidemiologi, ernæring eller tilsvarande disiplin, med tilstrekkeleg breidde/djupne av kunnskap i statistikk og klinisk epidemiologi
- søkjar må ha erfaring i bruk av statiske metodar for å analysere store epidemiologiske datasett
- erfaring i databehandling av store datasett
- erfaring med bruk av statistiske metodar, analyseplaner, studiedesign, og styrkeberekningar
- evne til sjølvstendig initiativ og evne til samarbeid vert vektlagt i vurdering av søkjarane
- kandidaten må vere motivert og ansvarsmedviten, og også ha høg arbeidskapasitet og entusiasme for forskning
- søkjar må vere særskilt god i munnleg og skriftleg engelsk

Vi kan tilby:

- eit godt og utfordrande arbeidsmiljø i forskingsfronten innan epidemiologi
- løn etter lønssteg 51 - 61 (kode 1108/lønsramme 25.3) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing, for tida 456 400 - 542 400 kr brutto pr. år for ei fulltidsstilling, vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga
- medlemsskap i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- eit søknadsbrev der du skriv om din motivasjon, kvifor du søker stillinga og kvifor du passer til denne
- ei oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)
- attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar (Søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved både vitnemål på original språket og autoriserte omsetjingar)
- eventuelle publikasjonar, vitenskaplege/faglege arbeid du ønskjer at det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 10 i pfd) og ei liste over desse
- to referansar (namn og kontaktinformasjon)

Følgjande premisser er lagt til grunn for stillinga som forskar:

- forskaren skal vere medlem i forskingsgruppa som fagfeltet høyrer inn under
- lønsutgiftene skal om mogleg vere 100 % eksternt finansiert
- forskaren skal aktivt bidra med å innhente eksterne prosjektmidlar til fagmiljøet, til
- både seg sjølv og andre, frå Norges forskningsråd, EU og andre kjelder
- det er forventa at forskaren har sin forskingsaktivitet finansiert av prosjekta forskaren og forskingsgruppa rundt forskaren arbeider med
- instituttleiar kan pålegge forskaren arbeid inn mot bestemte forskingsprosjekt
- forskaren kan inneha verv, delta i komitear, utval m.m. innan Universitetet i Bergen
- forskaren har ikkje undervisningsplikt, men forventas å rettleie master- og ph.d.-
- studentar i den grad dette inngår som ein naturleg del av forskingsaktiviteten i
- forskingsgruppa
- forskaren kan søkje kompetanseopprikk etter reglementet for opprykk
- grunnlaget for stillinga opphøyrer dersom prosjektfinansieringa opphøyrer, og ny lov om statens ansatte mv. om oppseiing og fortrinnsrett vil gjerast gjeldande for fast tilsette

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor Jan Haavik, tf.: 55 58 64 32 eller e-post: Jan.Haavik@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det medisinske fakultet består av fem institutt og sju senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 175256, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut